



Frå Evert Taube-kabareten. På scena frå venstre håvard Steinsvik, Preben K. Sundal, Rune Kjærland, Sindre Aksnes, Kenneth Stensletten, Martin Hauge, Sindre Onarheim, Thomas Mathiesen og Ann Lisbeth Moen, Med blokkfløyte frå venstre Andrea H. Lunde, Eirin Rørheim Kjærland, Marita Kjærland, Kaja Døssland og Ingebjørn Haugland. Kristoffer P. Brede var på ferietur. (Foto: Thor inge Døssland)

**Skuleåret går mot slutten, og tirsdag var det duka for avslutningsfest for avgangsklassen ved Uskedalen skule. Festen var lagt til Helgheim, og i den koselege, nyoppussa og fint pynta salen fekk om lag 50 festdeltakarar, elevar, foreldre og lærarar, oppleve ei feststund til å minnst.**



Kvar elev fekk overrekt ei T-skjorte med klassebilete av kontaktlærer Svein Sunde. (Foto: Thor Inge Døssland)

Ingebjørg Haugland opna festsamværet med å spela to stykke på piano. Dermed var feststemningen sett; høgtidsstemt og flott var det. Etter at rektor hadde ønskt velkommen, vart podiet overlate til elevane. Dei hadde øvt inn ein kabaret med nokre av Evert Taube sine viser.

Gjennom imponerende sang, flott blokkfløytespel og god sceneførsel presenterte dei eit krevjande program på ein framifrå måte. Vi fekk høyra både kjende og meir ukjende viser. Vi nemner Rosa på ball, Sjøsalavals og Ellinor dansar. Til nokre av sangane var det delt ut tekst slik at publikum kunne vera med i sangen. Ved hjelp av forteljarar og power-point-presentasjon gjorde dei oss og kjent med andre sider ved den kjende svenske viseskatt-skaparen.

Tidlegare har dei på forbilledleg vis mellom anna gjort oss kjend med Alf Prøysen og Jakob Sande i liknande kabaretar. Alltid begeistrar dei publikum med imponerende framføringar, og dessutan har dei fått mange av oss til å oppdaga kor vakkert blokkfløytespel faktisk kan vera.

Matøkt høyrer med på ein slik fest. Tradisjonen tru var det foreldra til elevane i 6.klasse som sytte for dette. Dei fekk velfortente godord for serveringa,- velsmakande grytrett med brød og salat. Og med iskake og kaffi til dessert.

Lærarane, Svein A. Sunde og Rannveig F. Helleland, heldt talar og kom med godord og gode råd med på den vidare ferda. Svein avslutta sin tale med å overrekka kvar elev ei T-skjorte pryda med eit bilete av klassen. Ei flott minne å ta med seg!

Klassekontaktane Torill Moen og Britt Torill Mathiesen takka lærane for den flotte innsatsen dei hadde gjort med klassen, og overrekte dei gåve.

Feststunda som varte i to og ein halv time utan at eit tidels sekund var kjedeleg, inneheld også ein flott billedkavalkade der vi fekk gjenoppleva ein del av barneskuletida. Naturleg nok dominerte flotte naturbilete frå dei uttallige fjellturane til denne turglade klassen.

I tillegg fekk vi vist eit samandrag av nokre videooptak. Her fekk vi gjensyn med nokre av dei flotte programma dei har øvt inn til morgonsamlingar og festar. Tydeleg at desse innslaga traff heile festlyden.

I tillegg var det takkehelsingar og lukkeønskingar til elevar og lærarar.

Klassen skulle no vera godt rusta til å møte nye og spennande utfordringar i ungdomsskulen. Barneskuletida har gjeve dei god ballast i så måte. Dei har ikkje berre fått med seg fine opplevingar gjennom turar, programskping, song, musikk og andre sosiale aktivitetar.

Ved hjelp av god planlegging og styring av dugande lærarar, har dei og fått gjennomført mykje og godt arbeid i dei ulike faga. Også det er vi som foreldre svært takksame for.

PS:

Den spreke klassen kviler ikkje ut etter festen. No er dei på veg opp Eikedalen. Målet for dei fleste er nok toppen på Englafjell. Kjenner vi dei rett, når dei nok det målet og. Vi ønsker lukke til både på den ferda, og på ferda vidare....

Av Thor Inge Døsland



På ein skikkeleg fest høyrer sjølvst sagt ei god matøkt med. (Foto: Thor Inge Døsland)